

## Fylkesstyremøte Vestland – 2024

Fredag 2.2. kl.09:00 – 14:00

Protokoll for møte i Bergen



**Jonas Eskeland**  
Kategori: Musikk  
Sted: Bergen, Vestland  
Nominert: 2024



**Neil Zhao**  
Kategori: Åpen klasse  
Sted: Bergen, Vestland  
Nominert: 2024



**Maria Johanne Liabo**  
Kategori: Skapende skriving  
Sted: Osterøy, Vestland  
Nominert: 2024



**Synne Hellebo**  
Kategori: Musikk  
Sted: Høyanger, Vestland  
Nominert: 2024



**Sara Sandvik Arnestad**  
Kategori: Dans  
Sted: Stad, Vestland  
Nominert: 2024



**Kolbein Bukve**  
Kategori: Musikk  
Sted: Luster, Vestland  
Nominert: 2024



**Anna Isabella Lazaga Helgadóttir**  
Kategori: Visuell kunst  
Sted: Bergen, Vestland  
Nominert: 2024



**Adrian Softeland Midtgard**  
Kategori: Musikk  
Sted: Kinn, Vestland  
Nominert: 2024



**Angy Avendano**  
Kategori: Teater  
Sted: Lærdal, Vestland  
Nominert: 2024



**Kennedy Niyokindi**  
Kategori: Musikk  
Sted: Bergen, Vestland  
Nominert: 2024



**Vilde Stensland Vinje**  
Kategori: Åpen klasse  
Sted: Tysnes, Vestland  
Nominert: 2024



**Twisted Days**  
Kategori: Musikk  
Sted: Bjørnafjorden, Vestland  
Nominert: 2024



**Paul Norwin Schmidt**  
Kategori: Musikk  
Sted: Ulvik, Vestland  
Nominert: 2024

[Draumestipendnominerte frå Vestland – utval av totalt 83 nominerte.](#)

## **Sakskart til fylkesstyret sitt styremøte 2.2.24:**

2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart .....	3
2024.02 Referatsaker .....	3
2024.03 Styrearbeid .....	3
2024.04 Politisk arbeid .....	4
2024.05 Utviklingsområda .....	4
2024.06 Orienteringar .....	5
2024.07 Eventuelt .....	5

### **Til stades frå fylkesstyret:**

styreleiar Hege Eide Vik  
nestleiar Kjetil Høgseth Felde  
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge  
styremedlem Karianne Kayser  
styremedlem Rolf Seldal  
varamedlem Kirill Zimin  
varamedlem Kjartan Fjordheim

### **Til stades frå administrasjonen:**

rådgjevar Kristin Geiring

## 2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakskart godkjent.

### Vedtak:

Innkalling og sakskart godkjent.

## 2024.02 Referatsaker

### Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

### Vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Frå neste styremøte vert økonomirapport i sakskart samanlikna med budsjett.

## 2024.03 Styrearbeid

### Forslag til vedtak:

1. Retningslinjer for reiserekning og styreinstruks er tatt til orientering.
2. Fylkesstyret vedtar styreplan perioden 2024-2025. Styreplan vert lagt ut på nettsida til Norsk kulturskoleråd Vestland.
3. Tatt til orientering, at samanfatta skriv frå årsmøtedelegatane med innspel til Sandal – og Stovelandutvala er sendt utvala.
4. Handlingsplan perioden 2024-2025 for utviklingsområda vert fast sak på styremøte.
5. Det er ingen forslag til vedtak.
6. Vedteke budsjett i årsmøtet for perioden vert sett i samanheng med handlingsplan perioden 2023-2025 og forventa driftstilskot frå Kulturskolerådet samanlikna med tildeling 2023.
7. Landstinget 2024 i Bodø:
  - a. Seks delegatar og to vara til landstinget 2024 i Bodø vert førespurt av fylkesavdelinga jf. innspel i styremøtet.
  - b. Det vert frå budsjettet avsett kr.15 000 til delegatar frå Norsk kulturskoleråd Vestland.
  - c. Saker til landstinget får prioritert i styrearbeidet våren 2024.
8. Det er inga framlegg i saken.

### Vedtak:

1. Retningslinjer for reiserekning og styreinstruks er tatt til orientering.
2. Fylkesstyret vedtar styreplan perioden 2024. Styreplan perioden 2025 vert utarbeidd etter landstinget 2024 i desember. Styreplan vert lagt ut på nettsida til Norsk kulturskoleråd Vestland og innkalling send i e-post.
3. Tatt til orientering, at samanfatta skriv frå årsmøtedelegatane med innspel til Sandal – og Stovelandutvala er sendt utvala.
4. Handlingsplan perioden 2024-2025 for utviklingsområda vert fast sak på styremøte.
5. Fylkesstyret delegerer til AU å ta saka om De unges festspilldag (DUFD) og De unges festspillforestilling (DUFF) vidare og å rapportere tilbake til fylkesstyret.

6. Vedteke budsjett i årsmøtet for perioden vert sett i samanheng med handlingsplan perioden 2023-2025 og forventa driftstilskot frå Kulturskolerådet samanlikna med tildeling 2023.
7. Landstinget 2024 i Bodø:
  - a. Styreleiar tek del som styremedlem i hovudstyret. Fylkesstyret med unnatak av styreleiar vert delegatar. Nestleiar vert delegasjonsleiar. Varamedlemmene i fylkesstyret vert vara for delegasjonen og tek del som observatørar. Fylkesstyret vedtek dei to siste delegatane i e-post sak medio mars.
  - b. Det vert frå budsjettet avsett kr.15 000 til delegatar frå Norsk kulturskoleråd Vestland. I tillegg vert det dekka observatørplass for dei to varamedlemmene i styret. Delegatane og dei to varamedlemmene til delegasjonen får dekka eit ekstra døgn kost og losji i høve konferansedelen.
  - c. Saker til landstinget får prioritert i styrearbeidet våren 2024.
8. Årsmøtet 2025 vert lagt til Bergen. Med atterhald om vedtekter etter Landstinget 2024, vert datoane to.13 til fr.14. november 2025.

## 2024.04 Politisk arbeid

### Forslag til vedtak:

Det er ingen forslag til vedtak.

### Vedtak:

1. Norsk kulturskoleråd Vestland sender oppmoding til kommunane i Vestland i høve oppnemning av delegatar til årsmøtet i Norsk kulturskoleråd Vestland 2025.
2. Leiinga i Vestland vert oppmoda til dialog med nytt politisk eigarskap i tråd med at dei får tilsend 5. punktlista. Viser til pkt.3.
3. Fylkesstyret sender innan fredag 16. februar framlegg til 5. punkt liste, som vert samanfatta av AU og send folkevalde i Vestland, som innspel til kommunane og nye planer som vert utarbeida våren 2024 og vedtekne hausten 2025.
4. På strategikonferansen til Vestland 4.-5. mars er styreleiar til stades. Kommunestyrevedtak i høve representasjon på årsmøte til Norsk kulturskoleråd Vestland 2025 vert tatt opp.

## 2024.05 Utviklingsområda

### Forslag til vedtak:

Handlingsplan perioden 2024-2025 vert utarbeidd som offentleg dokument for arbeidet med utviklingsområda og lagt på nettsida til Norsk kulturskoleråd under Vestland.

### Vedtak:

Innspel frå fylkesstyret vert tatt med i vidare arbeid saman med innspel frå årsmøtet og medlemmene. I fylkesstyret er hovudansvar interessepolitisk for utviklingsområda fordelt slik:

Digitalitet: Øystein Røsseland Kvinge

Fordjuping: Rolf Seldal

Mangfald: Karianne Kayser

Handlingsplan perioden 2024-2025 vert utarbeidd som offentleg dokument for arbeidet med utviklingsområda. Handlingsplanen vert lagt på nettsida til Norsk kulturskoleråd under Vestland og vert eit dynamisk dokument i fylkesavdelinga sitt arbeid i perioden.

Dokumentet vert dynamisk på det sett, at landstingsvedtak, vedtak i hovudstyret og relevante oppgåver som kjem i perioden vert handsama så langt mogleg.

## 2024.06 Orienteringar

**Forslag til vedtak:**

Det er ingen saker til eventuelt.

**Vedtak:**

Tatt til orientering at det ikkje er orienteringssaker.

## 2024.07 Eventuelt

**Forslag til vedtak:**

Det er ingen saker til eventuelt.

**Vedtak:**

Tatt til orientering at det ikkje er saker til eventuelt.